

## RAPPORT FRÅ ARBEIDSGRUPPE HELSE OG OMSORG

### **Arbeidsgruppe Helse og omsorg.**

Samansetjing av arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa oppnemnd av administrativ styringsgruppe er slik samansett:

#### Balestrand kommune

Margrethe Vie Myren	kommunalsjef
Henrik Høberg	kommuneoverlege

#### Leikanger kommune

Gunnar Steine	kommunalsjef - leiar av arbeidsgruppa
Leiv Erik Husabø	kommuneoverlege

#### Sogndal kommune

Jon Tvilde	kommunalsjef
Jan Ove Tryti	kommuneoverlege

#### Tillitsvald

Anne Brennset Gjerland

#### Mandat:

Mandatet til arbeidsgruppa er gjeve av administrativ styringsgruppe. Denne rapporten omhandlar punkt 1 i mandatet – *Kunnskapsgrunnlag*.

#### Arbeidsform og innhald:

Arbeidsgruppa har hatt 4 samlingar. Rapporten har vorte til ved at ein på samlingane har drøfta form og innhald for så at kommunane mellom samlingane kvar for seg har lagt inn sine bidrag ved bruk av dropbox.

Kommunane er ulik av storleik og organisering. Dette syner att i rapporten ved at Sogndal kommune naturleg har brukt meir plass til gjennomgangen av sine tenester enn Balestrand og Leikanger. Arbeidsgruppa har ikkje lagt brett på at framstillinga i alle samanhengar må vera gjort på same vis frå alle kommunane.

Arbeidsgruppa meiner ein gjennom rapporten har greidd å få fram status og kjenneteikn ved kvar av kommunane, og at rapporten gjev eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å bygga den nye kommunen.

## Innhold

1. Kunnskapsgrunnlag .....	2
1.1 Status for tenesteområdet i dag.....	2
1.1.1 Planstatus Balestrand .....	2
1.1.2 Planstatus Leikanger.....	2
1.1.3 Planstatus Sogndal .....	2
<b>Organisering av helse og omsorg</b> (Organisasjonskart med etterfylgjande kommentardel) .....	3
1.1.4 Organisering Balestrand .....	3
1.1.5 Organisering Leikanger.....	4
1.1.6 Organisering Sogndal.....	5
<b>Omfang / kapasitet</b> (tal brukarar /plassar, utførde tenester, produksjonstal) .....	8
1.1.8 Balestrand.....	8
1.1.9 Leikanger .....	12
1.1.10 Sogndal .....	15
1.2 Gjeldande avtaler internt og mot tredjepart. ....	21
1.2.1 Balestrand.....	21
1.2.2 Leikanger .....	21
1.2.3 Sogndal .....	21
1.3 System og programløyisingar.....	22
1.3.1 Balestrand.....	22
1.3.2 Leikanger .....	22
1.3.3 Sogndal .....	22
1.4 Kompetanse.....	23
1.5 Relevante nøkkeltal.....	24
1.6 Utfordringar med grunnlag i nasjonale og kommunale føringar .....	29
1.6.1 Balestrand.....	29
1.6.2 Leikanger .....	29
1.6.3 Sogndal .....	30

# 1. Kunnskapsgrunnlag

## 1.1 Status for tenesteområdet i dag.

**Planstatus** (Syne til aktuelle planar for kvar av kommunane)

### 1.1.1 Planstatus Balestrand

- Helse og omsorgsplan 2017 – 2010 <https://www.balestrand.kommune.no/helse-og-omsorgsplan.430648.nn.html>
- Beredskapsplan for krisehandtering 2017 <https://www.balestrand.kommune.no/beredskapsplan.457943.nn.html>
- Ruspolitisk plan 2016 <https://www.balestrand.kommune.no/ruspolitiskplan.265880.nn.html>
- Handlingsplan mot vald og trugsmål i nære relasjonar 2016 – 2019 <https://www.balestrand.kommune.no/handlingsplan-mot-vald-og-trugsmal-i-naere-relasjonar.425141.nn.html>

### 1.1.2 Planstatus Leikanger

- [Helse- og omsorgsplan Leikanger kommune 2017 - 2027](#)
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016 – 2020
- Beredskapsplan for krisehandtering i Leikanger kommune <http://www.leikanger.kommune.no/getfile.php/4115766.1685.itmwupslumpsap/Beredskapsplan+for+kriseleiing+med+varslingsliste.pdf>
- Beredskapsplan for helsetenesta i Leikanger kommune <http://www.leikanger.kommune.no/getfile.php/4115714.1685.btwabzattz7tbn/BEREDSSKAPPLAN+for+helsetenesta.pdf>
- Smittevernplan for Leikanger kommune <http://www.leikanger.kommune.no/getfile.php/4115713.1685.jqmnwzkmuinlz/SMITTEVERNPLAN+for+Leikanger+kommune.pdf>
- Handlingsplan for førebyggjande folkehelse i Leikanger kommune 2018 -2020


### 1.1.3 Planstatus Sogndal

- Kommuneplan samfunnsdel <http://www.sogndal.kommune.no/getfile.php/1394508.1687.wqttrupspt/Kommuneplan+-+samfunnsdelen+2010-2022.pdf>
- Helse- og omsorgsplan for perioden 2014 – 2022 <http://www.sogndal.kommune.no/getfile.php/2633149.1687.tdtbxwfxrt/Helse+og+omsorg+-+plan+for+2014+-+2022.pdf>
- Strategi for samhandling med frivillig sektor, <http://www.sogndal.kommune.no/getfile.php/2154146.1687.bquccrrrxq/Frivillig+strategi.pdf>
- Kommunale reglar for sal og skjenking av alkohol 2016 - 2020 <http://www.sogndal.kommune.no/getfile.php/3584836.1687.revfequur/Ruspolitisk+handlingsplan+2016+-+2020.pdf>

- Plan for krisehandtering i Sogndal kommune  
<http://www.sogndal.kommune.no/getfile.php/1400372.1687.utrbvwdwt/Krisehandtering+-+plan.pdf>

## Organisering av helse og omsorg (Organisasjonskart med etterfylgjande kommentardel)

### 1.1.4 Organisering Balestrand



Einingsleiar Helsetun og heimeteneste har ansvar for Balestrand Helsetun og heimeteneste til heimebuande eldre og uføre. På institusjonen er det totalt 26 sengeplassar – 9 demente, 9 langtids, 7 korttids og eit akuttrum. Det er totalt 16 omsorgsbustader i tilknytning til institusjon. Assisterande leiar har her delegert ansvar for heimeteneste og koordinerande eining.

Einingsleiar for Bu og miljøteneste har ansvar for menneste med nedsett funksjonsevne og psykiatri. Her er fagleiar ansvarleg for bustadane Eplehagen 9 bueningar for unge brukarar, Viktoriahagen 8 bueningar, Fjærestad 4 bueningar, og Aktivitetssenteret.

Eplehagen stod nytt hausten 2016 og har 4 store bueningar med spesialtilpassa innreiing for alvorleg funksjonshemming og 5 noko mindre bueningar utan heisskinner i tak.


Koordinerande eining er postkasse for alle søknader. Desse vert så i tverrfagleg møte handsama og vidareformidla.

Balestrand er inne i ein prosess med etablering av Akutthjelparordning. Her får sjukepleiarane opplæring i akutthjelp og vil kunne kallast ut ved behov. I turnus er det alltid akuttsjukepleiar på vakt, og som kan kallast ut.

Balestrand har og vore i samtale med Helse Førde om å overta ein utskifta ambulanse som ein kan bruke til utstyr og pasienttransport til for eksempel helikopterplass.

Balestrand har Rådet for eldre og menneske med funksjonshemming, og er i ferd med å etablere brukarutval ved Helsetun/heimeteneste og i Bu og miljøtenesta.

### 1.1.5 Organisering Leikanger



Ved rådmannskontoret har kommunalsjef mellom anna ansvar for samordning av tenesteområda helse, pleie og omsorg, skule, barnehage, flyktningteneste og nav.

#### **Helseavdeling**

Avdelinga vert leia av helsesjef som saman med leiande fysioterapeut og leiande helsesøster utgjer leiargruppa. Avdelinga ligg i første etasje i eit bygg frå 2013 som er bygd inntil sjukeheimen. Det er felles venterom for avdelingane. Ambulansetilkomsten er inn til skadestove på baksida av bygget.

Det er for lite kontor slik at 2 deltidstilsette må dele kontor og fleire nyttar i sjukeheimsdelen.

Koordinerande eining er lagt til fysio/ergoterapi-avdelinga.

#### **Pleie og omsorg**

Tenesta vert leia av tenesteleiar for pleie og omsorg. Sjukeheimen, heimebasert omsorg og tiltak for funksjonshemma har kvar sin avdelingsleiar. Saman utgjer desse 4 leiargruppa.

Heimebasert omsorg har sin base ved sjukeheimen der også tiltak for funksjonshemma vert flytta før påske 2018. Psykisk helseteneste har også sin base ved sjukeheimen. I og med at helsesenteret med lege og fysioterapi/ergoterapi også er lokalisert i same bygget, ligg det godt til rette for eit nært og godt samarbeid mellom dei ulike tenestene.

Heimebasert omsorg har ansvar for dagtilbod for eldre og dagtilbod for personar med demens. Tiltaket er lokalisert ved sjukeheimen.

Tildeling av tenester skjer etter eige delegeringsreglement. Det er etablert ei inntaksnemnd som handterer tildeling av plass ved sjukeheimen, omsorgsbustader og større omsorgstiltak utanfor institusjon.


Det er oppretta brukarutval for institusjonen.

Tiltak for funksjonshemma har ansvar for tenester til menneske med ulike typar nedsett funksjonsevne. Pasient- og brukargrupper er personar med behov for å gjenvinne tapte funksjonar

etter sjukdom eller skade, og personar med funksjonsnedsetting som skuldast medfødde eller tidleg erverva tilstandar. Tenesteområda er habilitering, rehabilitering, helsehjelp, personleg assistanse, opplæring dagleglivet og avlastningstiltak. Arbeidsmetode er i hovudsak miljøterapi. Avdelinga har i tillegg ansvar for omsorgsløn, parkeringskort, følgjekort og tilrettelagt transport for funksjonshemma.

### 1.1.6 Organisering Sogndal

Sogndal kommune hadde ein grundig organisasjonsgjennomgang i 2017 og etablerte ny organisasjonsstruktur frå 1. januar 2018. Den nye organisasjonsmodellen, som vart sett i verk 1. januar 2018, ser slik ut:



#### Kommunalsjefsnivå:

Sogndal kommune har 3 kommunalsjefar: Kommunalsjef for helse-, omsorg og velferd, Kommunalsjef for oppvekst med m.a. ansvar for helsestasjon og jordmorteneste (omtalt nedanfor) og Kommunalsjef for stab og støtte. I kommunalsjef for helse-, omsorg og velferd sitt ansvarsområde ligg det som er omtalt som KIA; **K**valifisering, **I**ntegrering og **A**ktivisering. KIA omfattar Flyktingtenesta, NAV, Norskopplæringa og Sogndal Frivilligsentral. NAV og Flyktingtenesta er så langt ikkje omtalt her. Norskopplæringa er omtalt i arbeidsgruppa Oppvekst i Nye Sogndal.

### **1.1.6.1 Stabsfunksjonar under kommunalsjef**

Styrka stabsfunksjonar er viktig del av nyorganiseringa, m.a. for å sikre forsvarlege og innovative tenester.

#### **Bustadkontor**

Sogndal kommune er såkalla bustadsosial programkommune, med eigen samarbeidsavtale med Husbanken . I 2018 skal det opprettast eit bustadkontor. Dette kontoret skal vera ein del av tildelingskontoret.

#### **Tildelingskontor**

Sogndal vil i mars 2018 etablere eit tildelingskontor(TK) med 4 stillingar. TK skal fatte vedtak om alle om pleie- og omsorgstenester, psykisk helseteneste, rus, kreftomsorg, tilbod for personar med demens og tenester for personar med redusert funksjonsevne og for alle brukargrupper i kommunen. Kontoret har også oppgåva som koordinerande eining for born og vaksne og skal ha ansvaret for avtalar med private tenesteleverandørar.

#### **Rådgjevar**

Knytt til kommunalsjef sin stab er det 100 % stilling som rådgjevar, primært mot helse- og omsorg.

#### **Kommuneoverlege/miljøretta helsevern**

Funksjonen som kommuneoverlege er plassert i stab. Sogndal kommune er òg vertskommune for ei IKS innan miljøretta helsevern for kommunane Sogndal, Leikanger, Balestrand, Luster, Vik, Lærdal, Årdal og Aurland. Det er tilsett yrkeshygienikar i 100% stilling. Kommuneoverlegane i kommunane er ansvarlege for tenesta.

### **1.1.6.2 Tenesteeiningar**

Organisasjonen er delt i 4 tenesteeiningar og 7 avdelingar.

#### **1.1.6.2.1 Tenesteeining heildøgn pleie- og omsorg**

Leia av tenesteleiar og omfattar 3 avdelingar.

#### **Korttidsavdeling**

Leia av avdelingssjukepleiar med fag-, personal- og økonomiansvar. Avdelinga har 8 senger til rehabilitering, 2 senger til KAD, 9 senger er avsett til andre korttidsopphald (terminal omsorg, avlasting i institusjon, etterbehandling etter opphald i sjukehus, akutt plass causa sosiale, etc).

#### **Langtidsavdeling**

Leia av avdelingssjukepleiar med fag-, personal- og økonomiansvar. Avdelinga har pr. dato 25 plassar, som vert utvida til 38 i november 2018. Avdelinga er inndelt i fire grupper med 9-12 brukarar pr. gruppe.

#### **Prestahagen/plassen 2**

Leia av avdelingssjukepleiar med fag-, personal- og økonomiansvar. Avdelinga er organisert som omsorgsbustad med fellesskapsløysing, og har for tida 34 brukarar. Avdelinga har fire grupper med 8 brukar-rom på kvar. Skjerma tilbod til personar med ulike demenssjukdommar er etablert i fyrste etasje i to grupper og til saman 18 brukarar. Utviding av kapasiteten for skjerma tilbod vil verta gjort ved å ta i bruk fleire grupper i dette bygget.

## **Kjøkken**

Sogndal Helse- og Omsorgssenter, SHOS, har nytt produksjonskjøkken. Hovudkjøkkenet kjøper inn og leverer tørrmat og produserer varmmat til 4 postkjøkken i «Prestahagen» og 4 postkjøkken (6 postkjøkken frå november 2018) på SHOS, i tillegg til varm mat til heimebuande. Avdelinga produserer mat etter prinsippet kok server 7 dagar i veka.

## **Reinhald**

Reinhaldsgruppa ved Sogndal Helse- og Omsorgssenter, SHOS, utfører alt reinhald i kort- og langtidsavdelingane, «Prestahagen»(som heimehjelpsfunksjon), fellesareal, aktivitets-/dagsenter, administrasjonsdel.

## **Aktivitet-/dagsenter**

Senteret er nytt og ein del av SHOS. Avdelinga gjev dagtilbod til heimebuande og målretta tilbod til pasientar i rehabilitering. Senteret tilbyr aktivitetstilbod med div. handarbeid, trearbeid, kjøkkengrupper, trimgrupper, bingo, dans, kor, etc. I løpet av 2018 vil dagtilbodet for personar med demens verta utvida til 31 personar.

### **1.1.6.2.2 Tenesteeining Heimetenester**

Tenesteeininga er leia av tenesteleiar. Tenestene er inndelt i 2 geografiske soner og 2 avdelingar med eigne målgrupper.

#### **Sone 1, inkl. bufellesskap**

Leia av avdelingssjukepleiar med fag-, personal- og økonomiansvar. Sona er geografisk avgrensa til aust for Dalavegen, Sogndal sentrum, begge sider av Barsnesfjorden og Kappanger / Amla. Sona yter tenester til Plassen 8 (18 omsorgsbustader), Plassen 4 (3 omsorgsbustader) og Leighota 3 (13 omsorgsbustader)

#### **Sone 2, inkl. bufellesskap**

Leia av avdelingssjukepleiar med fag-, personal- og økonomiansvar. Sona er geografisk avgrensa til vest for Dalavegen, ut fjorden mot Leikanger, begge sider av Sogndalsdalen og Fjærland. Sona dekker tilbodet i Fjærland Busenter (11 omsorgsbustader, 4 er kommunale) og Fossetunet 1B (10 omsorgsbustader).

#### **Felles for «Sone 1» og «Sone 2»**

Sone 1 og 2 organiserer og utfører helsehjelp i form av heimesjukepleie, praktisk bistand i form av heimehjelp, respons på tryggleiksalarmar(omlag 130). «Sone 1» og «Sone 2» disponerer for tida 11 bilar.

#### **Sone Stedje, utviklingshemma, rus og psykiatri**

Avdelinga er leia av avdelingsleiar med fag-, personal- og økonomiansvar. Avdelinga leverer tenester til 7 personar i eigen bustad (Stedjevegen) og 3 som bur heime. Målgruppa for avdelinga er personar med fysisk og psykisk funksjonshemming og som treng miljøretta tilbod grunna utviklingshemming, rus og psykiske vanskar i avdelinga sitt ansvarsområde.



### **Sone Sogndal, utviklingshemma, rus og psykiatri inkludert Sogndal ressurscenter**

Avdelinga er leia av avdelingsleiar med fag-, personal- og økonomiansvar. Sone Sogndal har det same ansvaret/målgruppa som sone Stedje, i tillegg til Sogndal ressurscenter, med 8 heimebuande brukarar.

**Sogndal ressurscenter** er eit velferds- og aktivitetstiltak for personar som grunna funksjonshemming er varig ufør, eller av ulike grunnar ikkje kan nytte seg av arbeidsretta tilbod frå NAV, og eller har behov for tilbod for å førebyggje isolasjon og inaktivitet.

#### **1.1.6.2.3 Legeteneste/rus og psykisk helse**

Tenesteeininga som er ny frå 1. januar 2018, femnar legetenesta og behandlingseining innan psykisk helse og rus. Eininga er leia av tenesteleiar i 50 %, som og er kommuneoverlege. Det er m.a. 10 fastlegar og 5,6 årsverk knytt til behandlingseininga psykisk helse og rus i eininga. Kommunepsykolog i samarbeid med Balestrand vert lagt til avdelinga i løpet av 2018.

#### **1.1.6.2.4 Ergo, fysio, friskliv**

Tenesteeininga som er ny frå 1. januar omfattar fysioterapi, ergoterapi og Frisklivssentralen. Eininga er leia av tenesteleiar i 40 %, som og er fysioterapeut. Omtale finn ein under pkt. 1.1.10.

#### **1.1.6.2.5 Helsestasjons- og jordmorteneste.**

I Sogndal er helsestasjon- og jordmorteneste organisert under kommunalsjef oppvekst, ei organisering vi har gode røynsler med. Eininga er leia av tenesteleiar i 0,4 stilling og fagansvarlege på kvar av fagfelta; jordmor og helsestasjon.

### **NAV**

NAV kommune ligg under kommunalsjef for helse, omsorg og velferd. Sogndal og Leikanger har felles leiar. Det er eit utstrakt samarbeid mellom dei 2 kommunane.

Meir utfyllande informasjon kjem seinare.

## **Omfang / kapasitet (tal brukarar /plassar, utførde tenester, produksjonstal)**

### **1.1.8 Balestrand**

#### **Sjueheim**

Balestrand Helsetun har 26 plassar(enkeltrum). 9 for demente, 9 langtidsplassar, 7 korttidsplassar og 1 akuttrom.

Langtids og dementplassane er organisert ilag (grøn og blå avdeling), korttids og akutt(rød) er organisert ilag med heimetenestene.

Balestrand Helsetun har eige kjøkken og vaskeri. Vi leverer middag til heimebuande.

Institusjonen har tilsynslege i 20% stilling.

Helsetunet har og dagplass for heimebuande demente og her eigen bil som hentar og bringar.

### Institusjon Balestrand helsetun

Stilling	Årsverk	
Sjukepleiar	8	
Helsefagarbeidar	11	
Vernepleiar	1	Er også ass. leiar
Assistent	6	
Sum pleie	26	
Kokk	2,2	
Leiing	1	
Netto driftsutgifter	19,2 mill	

### Heimetenester

Teneste	Årsverk	Brukarar	Kommentar
Heimesjukepleie	3,8	14	Personalet går både i heimane og inne på rød avdeling v.behov
Sjukepleiar	2		
Helsefagarbeidar	2		
Heimehjelp	1		
Dagsenter demens	1		
Psykisk helseteneste	3,6	4 +++	4 i oms.bust + dagpas.
Tryggleiksalarm			
Omsorgsbustader		15	
Netto driftsutg.	12 mill		

Heimetenester og institusjon samarbeider tett og personalet vert brukt der det er mest behov til ei kvar tid.

Balestrand har heildøgns heimeteneste.

### Bu og miljøteneste ( menneske med funksjonshemming og psykiatri)

Teneste	Årsverk	Tal bueininger	Kommentar
Eplehagen	10	8 (9)	3 personal med høgskule
Avlastingsbustad		1	Ein i Eplehagen
Viktoriahagen	12	8	2 personal med høgskule
Fjærestad	12	4	2 personal med høgskule
Seljetunet	2,6	5	1 personal med høgskule
Aktivitetssenteret	3		
Adm.	1		
Fagansvarleg psyk	0,8		
Totalt	41,4	26	
Driftsutg.	37 mill		

Bu og miljøtenesta omfattar alle bustader for menneske med funksjonshemming og psykiatri i tillegg til unge som bur hjå familie. (under 18 år). Vidare har vi ein fagansvarleg sjukepleiar i psykiatri som har konsultasjonar på kontoret og oppsøkjande verksemd. Denne stillinga er og knytt til skulehelsetenesta/samarbeid med helsesyster og Sygna Vidaregåande

Teneste	Årsverk	Kommentar
Helsesyster	0,8	Vår helsesyster er utdanna jordmor også og har 100% still.
Jordmor	0,2	
Driftsutgift	830 000	

Helsestasjonen har ein person tilsett og ho er utdanna både helsesyster og jordmor.

Teneste	Årsverk	Kommentar
Fysioterapaut	0,5	Privat m/avtale
Driftsutgifter	588 000	

Balestrand kommune har avtale med privat fysioterapaut 50%. Ho set og i koordinerande eining og har faste dagar på institusjon.

### Legeteneste

Teneste	Årleg kostnad	Kommentar
Legevakt	1 160 000,-	50/50 lik fordeling/folketal
Legevaktsentral	300 000,-	25/75 lik fordeling/folketal
ØHD	635 000,-	25/75 lik fordeling/folketal
<b>Totalkostnad inkl eig.bet.naudnett</b>	<b>2 119 000,-</b>	

Her har kommunen brukt KAD til 9 pas. totalt i 2017. 6 x 1 døgn, 2 x 2 døgn og 1 x 4 døgn.

### Legetjenesten i Balestrand

2 legeheimler, 1 vaktforpliktelse i SYS-IKL i Førde (sirka 34 vakter i året).

Listetak 1000 og 500

Pasienter på liste samlet 1225 (henholdsvis 966 og 259)

I tillegg ein VGS med internat, totalt på skulen 180 elevar, sirka 140 på internat, fleste av ungdommane skifter ikkje fastlege (står ikkje på liste ovanfor) og berre sirka 20 er lokale og/eller står på fastlegelistene. Det er ein del oppfølging av elevar med samansette vanskar / psykiske vanskar uansett om dei skifter fastlege og det er eit godt samarbeid med VGS.

60% + 60% + 20% kurativt fordelt på 60% legestilling (Gunnar Engan, spesialist i allmenntmedisin), 100% kommuneoverlegetilling (Henrik Høberg, spesialist i allmenntmedisin) og 20% vikarstilling (Øyvind Grinde, spesialist i gastroenterologi og allmenntmedisin).

Kontoret er ope alle dagar kl. 8-15.30, to legar mandag/onsdag, ein lege tirsdag/torsdag/fredag.

Tilsynslegefunksjon helsetunet kjem i tillegg. (20%)

Helsestasjon / forebyggende helsearbeid barn/unge sirka 10% lege. Har t.d. undervisning på VGS Sygna 2 timer x3 samlinger for alle 3 klasser på 1. årgang på VGS.

Tilsynslegefunksjon ein gong i veka under normaltariiffen for tre PU/miljøteneste institusjoner.

Planlagt bidrag inn i nye akutt medisinske beredskap for rødt respons i kommunen: 2 døgnvakter i uken.

Medisinerstudent 10. semester fra Universitetet i Bergen 4 gonger årlig, neste uke 9-12, fra haust 6 veker pr. forløp. Kommuneoverlege er rettleiar og ansvarlig for dette.

Vår/sommar/haust mange turistar og stor auke i ØH.

#### **Aktivitet 2017 / Forventet aktivitet 2018**

Legekonsultasjonar/sjukebesøk	3201	4321
-------------------------------	------	------

Blodprøvetaking (berre takst 701a fra statistikk) 1850

Sidan ny kommuneoverlege begynte 13.11.2017 har ein sett ein auke i legekonsultasjoner / sjukebesøk og pasientretta møter av ulik karakter med 35%, så forventa aktivitet er og listet ovenfor.

200 % stilling resepsjon / blodprøvetaking / sårskift / akutt medisinsk bistand v. sykepleier/hjelpepleier.

Eldre legebil, eldre akutt-medisinsk utstyr.

#### **NAV**

Nav kommune ligg under kommunalsjef for helse og omsorg i Balestrand. Vi deler leiar med Høyanger. Personal jobbar og på begge kontor, men Balestrand har 1 100% still som flyktningkonsulent som berre jobbar i Balestrand i tillegg til 1 still som konsulent/rettleiar.

### 1.1.9 Leikanger

#### Sjukeheim:

Institusjonen har 33 godkjende plassar. For 2018 er det budsjettert med drift av 28 plassar derav 4 korttidsplassar.

Sjukeheimen har 4 avdelingar. Gul avdeling 8 langtids plassar, Grøn avdeling 4 korttidsplassar + 1 palliativt rom, Rød avdeling 8 langtids plassar for demente og blå avdeling 8 plassar for personar med demens og/ eller psykisk lidning.

Ved sjukeheimen er det eige kjøken som i tillegg til å levere mat til pasientar på institusjonen, også leverer mat til heimebuande (tal brukarar ca 2

Stilling	Årsverk
Sjukepleiar	8,8
Helsefagarbeidar	12,26
Vernepleiar	2,7
Assistent	3,87
Sum	27,63
Kokk	2,17
Leiing/merkantil heile PLO	3,6
<b>Netto driftsutgifter B2018</b>	kr. 24.446.000

#### Heimebasert omsorg:

Teneste	Årsverk	Brukarar	Kommentar
Heimesjukepleie	Sjukepleiar 6,6 Helsefagarbeider 7,75 Assistent 1,15	35	Personaldekning: Dag / kveld 6 /2 Helg dag/kveld 3-4/2 Nattevakt 1
Heimehjelp	1,5	40	
Dagsenter for eldre	0,5	15	2 dagar i veka
Dagsenter for pers. med demens	1,0 inkl. transportteneste	6	3 dagar i veka
Psykisk helseteneste	2,0	55	
Tryggleiksalarm		54	
Omsorgsbustader		6 stk	Ved helsesenteret
Trygdebustader		13 stk	

Netto driftsutgifter B2018 for heimebasert omsorg og psykisk helse samla: kr. 12.919.000

Kommunen har under planlegging bygging av 4 omsorgsbustader og 8 plassar i bufelleskap for personar med demens i tilknytning til sjukeheimen.

## Tiltak for funksjonshemma

Teneste	Pasient / Brukarar	Kommentarar
Avlastningstiltak	1	Barnebustad
Avlestningstiltak	1	Avlastningsbustad
Avlastningstiltak	1	Besøksheim
Avlastningstiltak	2	Utført i pasient / brukar sin heim
Brukarstyrt personleg ass. BPA	3	
Helsehjelp / personleg assistanse opplæring ADL utanom særtiltak	15	
Støttekontakt 7 treningskotakt	17	
<b>Stillingar</b>	<b>Årsverk</b>	
Vernepleiar	6,8	
Sjuepleiar	1,8	
Fagarbeidar/ assistent	4,3	
Pedagog	1,7	
<b>Netto driftsutgifter B 2018</b>	<b>Kr. 11.287.000</b>	

### Helseavdelinga:

Netto driftsutgifter B2018 for helseavdelinga (helsestasjon/jordmor/legekontor/fysioterapi/legevakt/KAD/miljøretta helsevern) samla: kr. 8.760.000

### Helsestasjon/skulehelseteneste:

Stilling	Årsverk	Aktivitet
Helsesøster	1,5	
<b>Netto driftsutgifter B 2018</b>	<b>Kr.1.158.000</b>	

### Jordmortenesta:

Stilling	Årsverk	Aktivitet
Jordmor på dagtid	0,5	Tal fødsjar i 2017: 27
Jordmor vakt (interkomm.)	0,4	
<b>Netto driftsutgifter B2018</b>	<b>Kr. 575.000</b>	

Legetenesta:

Stilling	Årsverk	Aktivitet:
<b>Fastlege</b>	2,6	2017: vel 6500 konsultasjonar
<b>Turnuslege</b>	1,0	
<b>Sjukepleiar</b>	1,0	Vel 2000 pasientar kun til blodprøve o.l
<b>Helsesekretær</b>	1,0	
<b>Netto driftsutgifter B2018</b>	kr 3.165.000	

Fastlegane har avtale om privat praksis i kombinasjon med kommunal stilling.

Lege 1: 1000 listepasientar og 50% stilling som helsesjef

Lege 2: 700 listepasientar og 30 % stilling som sjukeheimslege

Lege 3: 650 listepasientar og 20% stilling på helsestasjonen

Kommunen har pr 1.febr 2018 75 ledige plassar hjå fastlege.

Fysioterapi/ergoterapi:

Kommunen har 1,6 årsverk for kommunale fysioterapeutar og i tillegg avtale om driftstilskot i 125 % stilling.

Stilling	Årsverk	Aktivitet
<b>Fysioterapeut</b>	1,6	Samla for alle fysioterapeutar: Årleg 3700 behandlingar for vel 500 personar
<b>Driftstilskot fysioterap.</b>	1,25	
<b>Ergoterapeut</b>	0,8	
<b>Netto driftsutgifter B2018</b>	Kr. 2.136.000	

Legevakt:

Interkommunalt samarbeide med Sogndal kommune der 13 fastlegar pluss 2 turnuslegar deltek i vakt. Legevaktstelefonen 116117 vert drifta av legevaktsentralen i Lærdal.

Stilling	Årsverk
<b>Legevaktslege kveld/natt/helg</b>	?
<b>Netto driftsutgifter Legevaktslege/ Legevaktsentral/ Nødnett B2018</b>	Kr. 1.029.000

#### KAD:

Leikanger har sine KAD-senger på Lærdal sjukehus i samarbeide med andre kommunar.

KAD-senger	Aktivitet
	Bruk i 2017: 63 liggedøgn, 12 pasientar
<b>Netto driftsutgifter B2018</b>	Kr. 900.000

#### Miljøretta helsevern:

Kommunen deltek i interkommunal ordning for heile indre Sogn.

Netto utgift B2018: 44.000,-

#### 1.1.10 Sogndal

*Grunna omorganiseringa er ikkje dei økonomiske rammene/netto driftsutgifter oppgitt for kvar avdeling. Dette kjem straks etter påske.*

#### **Sogndal helse- og omsorgssenter**

Institusjonen har i dag 44 godkjende plassar. Når utbygginga er ferdig ved årsskiftet 2018/2019 vil det vera 57 plassar. Sjukeheimen har 3 avdelingar, korttidsavdeling med 19 plassar, inkludert 2 KAD senger, langtidsavdeling med 25 plassar/frå januar 2019 38 plassar og Plassen 2 med 34 plassar. Plassen 2 er omsorgsbustader med heildøgns omsorg, hovudsakleg for personar med demens. Ved sjukeheimen er det eige kjøken som i tillegg til å levere mat til pasientar på institusjonen, også leverer mat til heimebuande.

Stillingar	Korttid	Langtid	Plassen 2	Sum
Sjukepleiar	10,20	10,5	4,95	26,85
Hjelpepleiarar	3,92	5,96	7,89	17,77
Spesialhjelpepleiar			1,56	1,56
Helsefagarbeidar	3,07	3,70	3,56	10,33
Vernepleiar			6,02	6,02
Assistent	3,08	6,43	7,90	17,41
Lærling	2,00	2		4,00
Omsorgsarbeidar	1,75	1,47	1,72	4,94
<b>Sum</b>	<b>24,02</b>	<b>29,89</b>	<b>34,77</b>	<b>88,88</b>
Kjøkken				
Leing/merkantil heile PLO				
Netto driftsutgifter B2018	kr.			

#### **Nokre nøkkeltal for SHOS:**

- Institusjonen hadde 406 innskrivingar i 2017 noko som gjev ei gjennomsnittleg liggetid pr innskriving på 38.5 døger i 2017 mot 46.6 i 2016.
- 335 av innskrivingane var korttidsopphald.



**Heimetenester/inkludert tenester for funksjonshemma:**

Teneste	Årsverk	Brukarar	Kommentar
Heimesjukepleie/ heimehjelp Sone 1 og sone 2	Sjukepleiar 16,17 Verneopl. 2,56 Hjelpepl. 3,72 Helsefagarb 7,11 Heimehj 8,08 <u>Assistent 2,63</u> <b>Sum 42,27</b>	Om lag hspl : 136 personar, heimehjep : 111 personar	
Sone Stedje, UH, rus og psykiatri, inkluderer tenester for funksjons- hemma	Sjukepleiar 1 Verneopl. 5 Sosionom 3 Hjelpepl. 2 Lærar 1 Førskulelærar 4 Aktivitør 1 <u>Assistentar 11</u> <b>Sum 22,69</b> <b>årsverk</b>	7 i bustad Stedje 2 bur heime	I tillegg eit stort tal assistentar som vert brukt på helg
Sone Sogndal, inkluderer tenester for funksjons- hemma	Assistentar 2 Helsefagarb 1 Hjelpepleiarar 1 Førskulelærar 3 Vernepleiar 5 Sosiaonom 1 <u>Barnevernsped 1</u> <b>8,6 årsverk</b>	8 brukarar	
Sogndal ressurscenter	Assistentar 3 Førskulelærar 1 Vernepleiar 2 <u>Barnevernsped 1</u> <b>5 årsverk</b>	22 brukarar	
Dagsenter for eldre	612 brukardagar frå institusjon 3714 brukardagar dagopphald		5 dagar i veka
og for personar med demens		31 brukarar med vedtak	5 dagar i veka
Tryggleiksalarm		121	
Omsorgsbustader		84	
Velferdsteknologi			
Brukarar med utleverte hj.middel		267	
Matombringing		87 heime- buande	Matombringinga er organisert av Sogndal Frivilligsentral og utført av frivillige

### **Demensteam**

Innanfor pleie- og omsorg er det etablert demensteam. Teamet gjennomfører; møte og heimebesøk med pasientar og pårørande, div-testar og rapportar til tilvisande legar. Teamet gjev rettleiing til bedrifter med demenssjukdom hjå tilsette. Gjennomført undervisning om miljøarbeid / tilrettelegging i skjema eining.


### **Oversyn over vedtak/tiltak:**

Sogndal skal etablere tildelingskontor i 2018. For å gje indikasjon om omfanget er det i 2017 fatta 863 vedtak innanfor pleie og omsorg. Vedtak/tiltak for funksjonshemma kjem i tillegg.

<b>År/tiltak</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Meldingar	101	111	107
Praktisk bistand	49	59	45
Heimesjukepleie	94	93	76
Matombringing	28	16	24
Tryggleiksalarm	43	27	34
